



SORTERINGSGUIDE

Farleg avfall



SIM

Farleg avfall



KVA ER FARLEG AVFALL?

Farleg avfall og EE-avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall, på grunn av faren for forureining eller skade på menneske eller dyr. Produkt som brukar straum eller batteri, vert omtalte som EE-avfall (elektrisk- og elektronisk avfall)*.

Døme på farleg avfall og småelektronikk som du kan ha i den raude boksen:

- Mobiltelefonar, MP3-spelarar, klokker
- Dataspel og spelkonsoll
- Sparepærer og vanlege pærer
- Alle typar batteri
- Leiker som blinkar eller bråkar, inkl. blinkande joggesko
- Boksar med måling, lim og lakk
- Løysmidlar
- Reingjeringsmidlar
- Sprayboksar



Er du i tvil om avfallet inneheld farlege stoff, leverer du det som om det skulle vera farleg avfall.

**EE-avfall kan du i tillegg levera kostnadsfritt til butikkar som sel tilsvarande produkt.*

Alle hushaldsabonnentar i SIM skal ha fått/får utdelt ein raud boks som ein kan samla småelektronikk og farleg avfall i. Denne er lurt å plassera ein stad der du lett har tilgong på boksen. Når boksen er full tek du den med til miljøsentralen og leverar avfallet der.



KVA GJER EG NÅR BOKSEN ER FULL?

Når boksen er full kan du ta den med til ein miljøsentral og levera avfallet der.

KOSTAR DET NOKO?

Nei. Ikkje for privatkundar. Dei leverer farleg avfall og EE-avfall kostnadsfritt på miljøsentralen.

EG HAR IKKJE RAUD BOKS.

Har du av ein eller annan grunn ikkje raud boks, kan du likevel levera småelektronikk og farleg avfall. Det viktigaste er at avfallet kjem inn til godkjent mottak. Dersom du vil ha raud boks kan du kontakta ein av våre miljøsentralar.

Miljøsentralar SIM



PLASSERING



OPNINGSTIDER*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Austevoll miljøsentral ligg i Porsdalen, mellom Storebø og Eido.

Torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Bømlo miljøsentral ligg på industriområdet i Hollundsdaalen, aust for Bremnes sentrum.

Måndag-torsdag kl. 12.00-18.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Fitjar miljøsentral ligg i Svartasmoget i Fitjar kommune. Kjør av frå rv 545 ved skiltet "Avfallsplass" sør for Rydland, og følg vegen vestover ca. 2 km.

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Kvinnherad miljøsentral ligg på industriområdet nord for Husnes, like ved rv 48. Adr: Husnes industriområde 61, 5460 Husnes.

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Heiane miljøsentral ligg sentralt plassert ved E 39. Føl skilting til Heiane Vest. Adr: Meattjønnsveien 45, 5412 Stord.

Måndag-fredag kl. 10.00-18.00
Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Sveio miljøsentral ligg i Sveiåsen, like ved Sveio sentrum. Kjem du langs rv47 frå nord eller sør, tek du av frå riksvegen like nordaust for Sveio sentrum og følgjer skilta til industriområdet i Leitevegen i Sveiåsen.

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00.

TYSNES, EREDALEN

Tysnes miljøsentral ligg i Eredalen ved riksveg 49, mellom Våge og Uggdal.

Tysdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as